


Frå Jærmuseet sine samlingar

LAUSON LANDBRUKSMOTOR

MÅLFRID SNØRTELAND



136

Lauson landbruksmotor er produsert av "The John Lauson Mfg. Co., New-Holstein, Wisconsin" ca. 1910. Motoren vart forhandla av firmaet "A/S Kulberg & Co.s Maskinforretning". Jærmuseet sitt eksemplar har produksjonsnummer 3447, veg ca. 950 kg., har 6 hk og går med omlag 300 omdreiingar i minuttet. Motoren går på bensin og har magnettenning, ikkje tennpluggar. Kjøleapparatet består av ein firkanta vasstank, støypt i eitt med cylinderen. Etter kvart som vatnet kokte, fylte ein på nytt vatn.

Lauson-motorane kunne ein få i ulike storleikar – frå 2,5 til 28 hk. Modellen med 6 hk var likevel mest utbreidd.

Slike motorar vart nytta i landbruket frå byrjinga av 1900-talet og fram til elektromotorane overtok. Dei blei mykje brukte til å driva trøskjemaskinar eller trøskjeverk, difor blei dei ofte kalla "trøskjemotorar". Elles dreiv dei f.eks. hakkmaskinar og neperasparar.

Jærmuseet sin Lauson-motor kjem opphavleg frå Johannes Breivik på Bergøy i Sjernarøyane. Han var bortsett i skogen, var sterkt rusta og elles ribba for delar.

Det var difor eit omfattande restaureringsarbeid museumshandverkaren gjekk i gang med.

Nokre delar kunne nyttast frå eit tilsvarande motorvrak som hadde tilhørt eit trøskjelag i øvrebygda i Gjesdal. Men elles har Sverre Skjæveland

lagt mange nye delar – f.eks. alt trearbeid, flensane og eikene på hjula og lydpotta. Ny smørekopp med glas i blei henta frå lageret til Kverneland A/S. Bedrifta har elles ytt svært verdfulle bidrag til restaureringsarbeidet ved å stilla diverse utstyr og maskinar til disposisjon.

Firmaet "The John Lauson Mfg. Co.", hadde laga maskinar og motorar sidan 1880-åra. Når dei første landbruksmotorane kom i bruk her i landet har me ikkje sikre opplysningar om. Men Lauson-motoren var i alle høve representert på landbruksutstillinga i Kristiania i 1907.


Som så ofte på den tida blei her også halde motorprøvar der ulike maskinar og motorar fekk skriftlege vurderingar av fagkyndige personar. I omtalen av Lauson-motoren heiter det m.a.:

"... Maskinen var meget let at sette igang, den gik støtt og regulerte godt. Konstruktionen er særdeles enkel og praktisk."

I 1910 var det nye prøvar ved "maskinprøveanstalten" ved Norges Landbrukshøyskole der m.a. Lauson-motoren blei samanlikna med andre tilsvarande motorar. Den gunstige uttalen om Lauson-motoren blei sjølv sagt utnytta av forhandlaren i marknadsføringa av produktet.

Også den gong hadde m.a. lågt bensinforbruk stor reklameverdi:

137



Lauson-motoren var eit av dei første restaureringsprosjekta til Sverre Skjæveland. Arbeidet blei utført alt i 1982, altså 3 år før Jærmuseet blei formelt skipa. I 1981 gjekk nemleg bygdemusea på Jæren saman om å tilsetja ein handverkar. Arbeidet blei koordinert av Høyland bygdemuseum. Her ser me dåverande styreformann i Høyland bygdemuseum, Stein Sægrov (t.h.) inspisera den nyrestaurerte maskinen.

Vor 6hkr. motor viste sig ved prøverne at bruke 0,27 og 0,29 kg. benzin pr. hkr. time. Sammenligner vi dette forbruk med forbruket hos konkurrentenes motorer, vil man finde at f.eks. en 6 hkr. av disse har brukt 0,45 kg. pr. hkr. time. Gaar man ut fra at begge disse motorer, nemlig Lauson og konkurrentens arbeider den hele dag med fuld normal belastning, faar man at Lauson-motoren forbruker pr. time $6 \times 0.27 \text{ kg.} = 1.62 \text{ kg.}$ og pr. 10 timers dag blir dette 16.2 kg. benzin. Gaar man ut fra at benzinén, er kr. 0,38 pr. kg., faar man en utgift til brændsel av kr. 6,15 pr. 10 timers dag for Lauson-motoren. Den konkurrerende motor derimot vil bruke $6 \times 0,45 \text{ kg.} = 2.7 \text{ kg. pr. time, eller pr. 10 timers dag } 27 \text{ kg. benzin.}$ Efter den ovenfor nævnte pris for benzinén vil utgifterne til brændsel for denne motor beløpe sig til kr. 10.26 pr. 10 timers dag.

Forskjellen paa brændselutgifter hos Lauson-motoren og hos konkurrentens motor blir saaledes kr. $10.26 - 6.15 = kr. 4.11$ pr. dag. Paa 10 dage vil dette beløpe sig til kr. 41.10, og paa 100 dages drift kommer beløpet op i kr. 411.-. Med andre ord: Lauson-

motoren vil i sammenligning med sin konkurrent allerede etter ca. 300 dages drift ved sit lave brændselforbruk ha indsparet hele sin indkjøpspris.

Produsenten hadde oppgitt at når Lauson-motoren var blitt varm, kunne han også køyrast på petroleum. Dette vart testa ut. Motoren blei starta opp, etter ei tid blei bensintanken tömt og petroleum blei fylt på, og "... motoren gik uten nogen uregelmæssighet." Dette blei vurdert som ein stor fordel sidan petroleum eller parafin var billegare enn bensin. På seinare modellar kunne ein ha to tankar og berre kopla over. Dette systemet kjenner me og att frå mange av traktorar på den tida.